

Sikker jakt

- **Tenk før du skyt – etterpå kan vera for sent.**
- **Ein skal alltid handtere eit våpen som om det er lada og usikra.**
- **Ta aldri ein anna jeger sitt våpen utan etter avtale. Ved overtaking sjå etter om det er patroner i kammer eller magasin.**
- **Sett aldri frå deg eit lada gevær. Tøm våpenet ved pauser i jakta og trekk sluttstykket bak slik at alle ser at det er uladd.**
- **Ved lading eller tömming av våpen skal løpet peike mot sikker bakgrunn.**
- **Ha våpenet sikra til du skal skyta og sikre våpenet igjen dersom du har halde skot attende og jaktsituasjonen er over.**
- **Ber alltid våpenet slik at du har kontroll med kor løpet peikar.**
- **Våpenet skal aldri vera lada under transport (sluttstykket i bakre stilling og tom for ammunisjon)**
- **Våpenet skal vera uladd når du går over hinder i terrenget.**
- **Bruk aldri våpenet som kølle eller stokk.**
- **Plasser ikkje postskyttarar slik at de kan skyte mot kvarandre. Dei bør plasserast på same side av ope terrenget.**
- **Postskyttarar må aldri forlate tilvist post eller skyte etter vilt utenfor tilvist skotsektor.**
- **Skyt berre når du er 100% sikker kva du skyt på. Det er ikke nok å tru eller meine – du skal vite hva du sikter mot.**
- **Rett aldri eit våpen mot eit mål utan at du er trygg på at bakgrunnen er sikker og det ikkje er folk framfor eller bak målet.**
- **Sørg for å ha absolutt sikker bakgrunn.**
- **Avfyr aldri skot inn i tett buskas.**
- **Avfyr aldri skot etter hjort som sym unntatt ved ettersök av skadd vilt.**
- **Avfyr aldri skot uten å vere sikker på at løpet er fri for framanlekamar, slik som snø, jord, kvist etc. Ein teipbit over munningen vernar og har ikkje noko å bety for treffpunktet.**
- **Bruk eller rør aldri våpen dersom du er påvirka av rusmiddel.**
- **Husk alltid å kontrollere at du bruker ammunisjon som er tilpasset våpenet.**
- **Oppbevar våpen og ammunisjon på tørre stader under så jamne temperaturtilhøve som råd, vel forvert og avlåst for uvedkommende.**
- **Alle som deltek på jakta skal ha signalfargar.**
- **Skyt aldri på dyr i flokk, berre på ”frie” dyr.**
- **Skyt aldri på friske dyr i flukt.**
- **Skyt aldri på vilt utan at skotfeltet er reint.**
- **Skyt aldri på dyr dersom det optimale treffområdet ikkje er godt synleg.**
- **Skot skal berre avfyrast når det vil vera drepane.**
- **Skyt aldri på vilt uten at du veit at våpenet er innskote med rett jaktammunisjon.**
- **Skyt aldri mora i frå kalven.**
- **Skyt ingen påkjenningar for å få avliva vilt du har såra.**
- **Uroa aldri vilt unødig.**
- **Ha kontroll på radio og radiokanal for dagen.**